

KULTURPOSTEN

SEPTEMBER 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



D/S Oster og R-1111 på Manger kai.



RADØY
den grønne øya

Aktuelle tilskotsordningar - Radøy kommune

Midlar til integrering- og inkluderingstiltak

Lag og organisasjonar kan søkja om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Tilskotsordninga har som føremål å stimulera til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktningar og innvandrarakar, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.

Det kan søkjast om midlar til:

- arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene.
- andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.

Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagte tenester over tilskotsordninga.

Det er kr 40 000 til fordeling kvart halvår. Neste søknadsfrist er 1. oktober.

Søknad kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Leiaropplæring

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med Bente K. Hervik på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Prosjekt- og aktivitetsstøtte

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med Bente K. Hervik på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Tilskotsordningar - Hordaland fylkeskommune

Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom

Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne felles tilskotsordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge. Søknadsfrist er 15. september.

Les meir på: <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-til-lavterskel-fysisk-aktivitet-for-born-og-ungdom/>

Turskiltprosjektet

Midlane skal gå til merking og skilting av turruter i tråd med Merkehandboka og «Manual – Turskiltprosjektet».

Les meir på: <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/turskiltprosjektet/>

Andre

Gjensidigestiftelsen

Gjensidigestiftelsen deler ut midlar til lag og organisasjonar som er registrerte i Brønnøysundsregisteret. Dei støtter tiltak innanfor meistring, tryggleik og læring, sosial inkludering og mangfald, fysisk aktivitet og kosthald. Søknadsfrist er 15. september. Les meir på: <http://www.gjensidigestiftelsen.no/>

Extrastiftelsen

Extrastiftelsen gjev støtte til tiltak innan frivilligheit og helse. Søknadsfrist er 15. september. Les meir på: <https://www.extrastiftelsen.no/sok/>

Sparebankstiftelsen SR-bank

Sparebankstiftelsen SR-bank deler ut tilskot til allmennyttige formål i Agder, Rogaland og Hordaland. Prioriterte føremål er samfunnsryggleik, friluftsliv, oppvekstmiljø og "For Alle". Søknadsfrist er 19. september. Les meir på <https://srstiftelsen.no/>

Storebrand - "Vi heier på"-konkurransen

"Vi heier på"-konkurransen fordeler kvart år økonomisk støtte til ulike samfunnsnyttige prosjekt i inn- og utland. Søknadsfrist er 1. oktober. For meir informasjon, sjå <https://www.storebrand.no/om-storebrand/vi-heier-pa-konkurransen>

Olav Thon stiftelse - støtte til allmennyttige føremål

Søknadsfrist er 30. september. Sjå <https://ots.olavthonstiftelser.no/soknad-stotte/> for meir informasjon.

KULTURPOSTEN SEPTEMBER 2018

Spelemidler

Frist for å søkja spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er sett til 1. november i Radøy kommune. Dette gjeld både nye søknader og søknader som skal fornyast.

For meir informasjon om ordninga og søknadsskjema, sjå www.anleggsregisteret.no. På <https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/soknadsprosess/> finn du informasjon om søknadsprosessen.

Har du spørsmål om søknadsprosessen eller treng hjelp til å fylla ut søknaden? Ta kontakt med rådgjevar kultur Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no.

NB: søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må vera på plass før ein kan søkja spelemidler. Frist for å søkja idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er 1. oktober.

Tilskot til korpskonsertar i Alver kommune 2018

I samband med Musikkorpsa sitt år vert det oppretta ei tilskotsordning for musikkorpsa i Lindås, Meland og Radøy kommunar. Tilskotet skal nyttast til å gjennomføra konsertar med musikkorps på tvers av kommunegrensene i den nye kommunen. Det vert gjeve eit tilskot på kr 5000 per konsert. I særskilte tilfelle kan høgare tilskot vurderast.

For meir informasjon, sjå nettsida til Alver kommune.



Frå lanseringa av den nye vignetten til Alver kommune på Staurevarden. Foto: Ane Bysheim.



RADØY KOMMUNE
Kultur- og sørvistorget